Hordaland fylkeskommune
12 SEPT 2018

**ULVIK HERAD**
**Skeiesvegen 3**
**5730 ULVIK**

Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

| **Dykkar ref.:** | **Vår ref.:** | **Direkte innval:** | **Dato:** |
|---|---|---|---|
| | 17/4-24/K2 - L00/THO | 56 52 70 17 | 07.09.2018 |

**Bruravik ferjekai**

Eg syner til epost frå dykk v/Rolf Rosenlund datert 12.juni 2018, der de kjem med eit uformelt tilbod på kjøp av Bruravik Ferjekai for kr 2 mill, tilsvarande marknadsverdi, vurdert av Fana Sparebank Eigedom. Ifylgje eposten er summen på 2 mill kroner inkludert kostnadane med oppretting av veg og innkøyringa til anlegget.

Saka har vore drøfta i Ulvik formannskap og konklusjonen er at det ikkje er aktuelt for Ulvik herad å kjøpe arealet Bruravik Ferjekai for kr 2 mill. Det viktigaste ankepunktet mot eit slikt kjøp er at Ulvik herad ikkje har behov for arealet, då det ikkje ligg føre planar for bruken av dette området, samt at ein ikkje ser det som heradet sitt ansvar å dekke kostnadane Hordaland fylkeskommune har med å utbetre fylkesvegen – ei utbetring som har vore planlagd i mange år.

Ulvik herad er av den oppfatning at avkøyringa frå fylkesvegen til Bruravik fergekai og fri atkomst til kaianlegget ikkje er forsvarleg sikra og ber om at sikringstiltak vert sett i verk. Dette vil vere Hordaland fylkeskommune, som grunneigar sitt ansvar.

Med helsing

Thore Hopperstad
Rådmann

Hordanger

| E-post | Telefon | Bankkontonr | Organisasjonsnr |
|---|---|---|---|
| postmottak@ulvik.kommune.no | 56527000 | 3450 19 70001 | 971 159 928 |

cittaslow